

Også strikkekafe i Gamleskolen!

16.03.2009

Kreativiteten blomrar rundt Gamleskolen. Laurdag var det ein vellukka barnekafe i regi av turngruppa, torsdag 26. mars bli det strikkekafe i regi av Uskedalen Utvikling! Det melder nyvald styremedlem i UU Jane Haaranes.

Ho fortel at Kristlaug Bjørke frå Porselensbuo kjem med eit stort utval av garn, mønster og strikkepinnar og at det sjølvstøtt også vert høve til å kjøpa seg noko å bita i.

- Strikkekafeen er eit kveldsarrangement som startar klokka 18, men det er berre å stikka innom når det passar, om du er ung eller gamal, strikkar eller heklar.

Her vert det god drøysing over spøtet og mange tips og inspirasjon å henta, lovar Jane.

Av Ola Matti Mathisen